

**Utval:** Fylkesutvalet  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, fylkeshuset, Bergen  
**Dato:** 26.03.2015  
**Tidspunkt:** 11.00-14.55

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Sveinung Valle	Medlem	A	
Astrid F. Selsvold	Medlem	A	
Nils-Olav Nøss	Medlem	A	
Marte Malones	Medlem	A	
Silje Hjemdal	Medlem	Frp	
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp	
Tom-Christer Nilsen	Fylkesordfører	H	
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H	
Birthe Eriksen	Medlem	H	
Torill Selsvold Nyborg	Medlem	KrF	
Benthe Bondhus	Medlem	Sp	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	
Mona Haugland Hellesnes	Fylkesvaraordfører	V	

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Parti
Terje Søviknes	Medlem	Frp

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Parti
Inger Signe Ulvund	Terje Søviknes	Frp

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Johnny Stiansen	Fylkesdirektør økonomi
Birthe Andersen Haugen	Seksjonsleiar i opplæringsavdelinga
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Anna Elisa Tryti	Fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar

Gro Stien Thorvaldsen  
sekretær

## Sakliste

<b>Utvalls- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 67/15	Godkjenning møteinnkalling		
PS 68/15	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 69/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 34/15	AU for Kontaktutval Hordfast - Referat 17. februar	2014/15115	
RS 35/15	Årsrapport 2014 - Utdanning for vaksne	2015/2018	
RS 36/15	Vedtak frå Utdanningsdirektoratet - Norges Realfagsgymnas Sotra AS - søknad etter privatskolelova	2014/20188	
RS 37/15	Dekkeprogram 2015	2015/2400	
RS 38/15	Tilskuddsmidler for økt tilgjengelighet til kollektivtransporten kommuner og fylkeskommuner - avvikles fra 2015	2014/43	
RS 39/15	Fremje av lågutsleppskøyretøy i drosjenæringa	2015/2515	
RS 40/15	Fv 209 Storskaret - Arefjord - status - korrigerering	2015/120	
RS 41/15	Driftsproblem på Bybana	2015/85	
RS 42/15	Utlysing av Kulturlandskapsprisen 2015	2015/2168	
RS 43/15	Standardisering og samordning av fylkeskommunale innkjøp av kollektivtransporttjenester.	2015/85	
RS 44/15	Habilitet i samband med høyringar - svar på spørsmål frå Einar Lutro	2015/2380	
RS 45/15	Betre kollektivtransport og mindre bilbruk i Bergensområdet 2011 - 2014 - Sluttrapport	2014/10571	
RS 46/15	Følgjeskriv til uttale frå Ungdommens fylkesutval	2015/2682	
RS 47/15	Tilpassing av ferjetilbodet i Hardanger som følgje av endring i reisemønster	2015/2972	
RS 48/15	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 - pr mars	2014/1527	
RS 49/15	Referatsak - Seks avslutta EU-prosjekt i 2014	2014/23279	
RS 50/15	Busstilbod til Sotra vidaregåande skule - Svar på oversendingsforslag	2015/3001	
RS 51/15	Status næringshagar i Hordaland februar 2015	2015/2999	
RS 52/15	Nye driftskontraktar for fylkesvegane i Hordaland	2015/85	
RS 53/15	Vegavgift på naturgass. Økonomiske fylgjer for bussdrifta i Hordaland.	2015/2075	
RS 54/15	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr mars 2015	2014/356	
RS 55/15	Førebudd på framtida - status	2014/12398	
RS 56/15	Fylkestinget sitt vedtak av regional plan for attraktive senter i Hordaland 10.12.2014 - Klargjering	2014/14561	
RS 57/15	Kartlegging av verksemder som søker driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune - tilleggsinformasjon etter førespurnad	2014/23197	
RS 58/15	Tettstadkonferansen 2015: 14. - 15. april i Norheimsund - Invitasjon med program	2015/3325	

PS 70/15	Delegerte saker	
DS 8/15	Delegert sak styrings og administrasjonsutgifter RFF Vestlandet 2015	2015/3058
DS 9/15	Fornyning av sertifikatlån 391 mill. kr	2015/203
DS 10/15	Fornyning av sertifikatlån 441 mill. kr	2015/203
DS 11/15	Fornyning av sertifikatlån 335 mill. kr	2015/203
DS 12/15	Tariffoppgjer 2014 - budsjettregulering i 2015	2015/2497
DS 13/15	Låneopptak 2015 - I	2015/203
PS 71/15	Kollektivmeldinga 2014	2015/1714
PS 72/15	Vidareføring av ordninga med opne gymsalar.	2014/15615
PS 73/15	Høyringsfråsegn - NOU 2014:14 Fagskolen - et attraktivt utdanningsvalg	2014/22282
PS 74/15	Fråsegn til offentlig ettersyn av område- og detaljreguleringar for Moldegård og Bjånes - Os kommune	2014/24199
PS 75/15	Gjestekunstnarbustader og -ordningar knytt til Hordaland fylkeskommune	2015/166
PS 76/15	Høyring - EUs mobilitetsverktøy ECVET nyttast for å godkjenne kompetanse	2015/318
PS 77/15	Søknad om løyve til å byggja 7 kraftverk i Vaksdal og Voss kommunar. Fråsegn.	2015/1935
PS 78/15	Omklassifisering av E 39 Vågsbotn - Nordre Brurås til fylkesveg	2014/11976
PS 79/15	Strategisk Næringsplan for Bergensregionen - Første gangs behandling	2015/2100
PS 80/15	Regional planstrategi - 2015 - framdrift og fordeling av midlar til regional planlegging	2015/1809
PS 81/15	Eigarskapsmelding 2015 - forenkla melding	2014/10543
PS 82/15	Revisjon av alkoholreglement for Hordaland fylkeskommune	2015/2
PS 83/15	Rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune - ny handsaming	2014/19488
PS 84/15	Hordaland fylkesting 2011 - 2014. Oppnemning av arrangementskomite for sluttsamkome	2015/853
PS 85/15	Rekneskapsrapport pr. februar 2015	2014/14001
PS 86/15	Ymse	

## **PS 67/15 Godkjenning møteinnkalling**

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015**

### **Vedtak**

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

## **PS 68/15 Godkjenning møtebok forrige møte**

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015**

### **Vedtak**

Møteboka frå fylkesutvalet 18.-19.02.2015 vart godkjend utan merknader.

## **PS 69/15 Referatsaker (Meldingar)**

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015**

I samband med RS 47/15 "Tilpassing av ferjetilbodet i Hardanger som følgje av endring i reisemønster" bad **Astrid F. Selsvold** på vegner av A om følgjande:

"Fylkesutvalet ber om å få eit notat som gjeld status på ferjetilbodet Kvanndal-Utne-Kinsarvik til neste møte. Fylkesutvalet ber om at det vert god dialog med Ullensvang herad i saka."

I samband med RS 50/15 "Busstilbod til Sotra vidaregåande skule - Svar på oversendingsforslag" viste **Aud Karin Oen** til brev av 13.02.2015 frå Sund kommune, og spurde kvifor dette ikkje var nemnd i meldinga. Kst. direktør for Skyss, Målfrid Vik Sønstabø, opplyste at då meldinga vart laga var brevet pga. ein inkurie ikkje saksbehandla. Skyss har no svart kommunen. Fylkesrådmannen vil leggje fram oppdatert informasjon i neste møte.

I samband med RS 41/15 "Driftsproblem på Bybana" gjorde **Sigbjørn Framnes** merksam på at det er Keolis, ikkje Nobina, som er operatør for Bybanen.

I samband med RS 56/15 "Fylkestinget sitt vedtak av regional plan for attraktive senter i Hordaland 10.12.2014 – Klargjering" sette **Mona Røsvik Strømme** på vegner av H, Frp, V, KrF, SV, SP og A fram slik oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Punkt 2a)  
Legge til: nettverk av lokalsentre i Bergen har en regional funksjon."

### **Røysting**

Strømme sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

I samband med RS 53/15 "Vegavgift på naturgass. Økonomiske fylgjer for bussdrifta i Hordaland" tok **Nils-Olav Næss** opp problemstillingar knytt til standardisering. Fylkesutvalet drøfta problemstillingane.

**RS 34/15 AU for Kontaktutval Hordfast - Referat 17. februar**

**RS 35/15 Årsrapport 2014 - Utdanning for voksne**

**RS 36/15 Vedtak frå Utdanningsdirektoratet - Norges Realfagsgymnas Sotra AS - søknad etter privatskolelova**

**RS 37/15 Dekkeprogram 2015**

**RS 38/15 Tilskuddsmidler for økt tilgjengelighet til kollektivtransporten kommuner og fylkeskommuner - avvikles fra 2015**

**RS 39/15 Fremje av lågutsleppskøyretøy i drosjenæringa**

**RS 40/15 Fv 209 Storskaret - Arefjord - status - korrigerering**

**RS 41/15 Driftsproblem på Bybana**

**RS 42/15 Utlising av Kulturlandskapsprisen 2015**

**RS 43/15 Standardisering og samordning av fylkeskommunale innkjøp av kollektivtransporttjenester.**

**RS 44/15 Habilitet i samband med høyringar - svar på spørsmål frå Einar Lutro**

**RS 45/15 Betre kollektivtransport og mindre bilbruk i Bergensområdet 2011 - 2014 - Sluttrapport**

**RS 46/15 Følgjeskriv til uttale frå Ungdommens fylkesutval**

**RS 47/15 Tilpassing av ferjetilbodet i Hardanger som følge av endring i reisemønster**

**RS 48/15 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 - pr mars**

**RS 49/15 Referatsak - Seks avslutta EU-prosjekt i 2014**

**RS 50/15 Busstilbod til Sotra vidaregåande skule - Svar på oversendingsforslag**

**RS 51/15 Status næringshagar i Hordaland februar 2015**

**RS 52/15 Nye driftskontraktar for fylkesvegane i Hordaland**

**RS 53/15 Vegavgift på naturgass. Økonomiske fylgjer for bussdrifta i Hordaland.**

**RS 54/15 Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr mars 2015**

**RS 55/15 Førebudd på framtida - status**

**RS 56/15 Fylkestinget sitt vedtak av regional plan for attraktive senter i Hordaland 10.12.2014 - Klargjering**

**RS 57/15 Kartlegging av verksemder som søker driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune - tilleggsinformasjon etter førespurnad**

**RS 58/15 Tettstadkonferansen 2015: 14. - 15. april i Norheimsund - Invitasjon med program**

## **PS 70/15 Delegerete saker**

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015**

#### **Vedtak**

Delegerete saker 8-13/15 vart refererte.

### **DS 8/15 Delegert sak styrings og administrasjonsutgifter RFF Vestlandet 2015**

### **DS 9/15 Fornying av sertifikatlån 391 mill. kr**

### **DS 10/15 Fornying av sertifikatlån 441 mill. kr**

### **DS 11/15 Fornying av sertifikatlån 335 mill. kr**

### **DS 12/15 Tariffoppgjer 2014 - budsjettregulering i 2015**

### **DS 13/15 Låneopptak 2015 - I**

## **PS 71/15 Kollektivmeldinga 2014**

Kollektivmeldinga 2014 er skriva som ei årsmelding, og inneheld eit oversyn over drifta og dei viktigaste hendingane innan kollektivfeltet i Hordaland i 2014.

#### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2014 til orientering.

### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 18.03.2015**

**Tom Skauge** sette på vegne av SV, A, SP, KRF fram forslag til nye pkt i innstillinga.

- a) Fylkeskommunen må bruke alle anledningar mot planmyndigheit i Bergen for å sikre at bussen slepp fram med kollektivfelt.
- b) HfK skal ikkje delta i utgreiing av T-bana mellom Sentrum og Åsane som alternativ til Bybane.
- c) Rapporten om «Betre kollektivtransport og mindre bilbruk i Bergensområdet» viser at HfK og Bergen kommune ikkje har nådd eit av hovudmåla for trafikkutvikling i Bergen – samla nedgang i trafikk i bomringen. Dette er svært uheldig. SAMU ber om at det blir lagt til rette for at desse måla blir nådd i neste periode.
- d) SAMU ber om at det vert etablert sanntidsmåling av kø for kollektivtrafikken som ligg på nettet og som kan brukast for å berekne tids- og driftstap for busstilbodet.
- e) SAMU ber om sak der mogeleg parallell utbygging av bybane til Fyllingsdalen og Åsane vert førebudd.

**Tom Skauge** sette på vegne av SV, A, SP, KRF fram forslag til fylgjande oversendingsforslag som vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

SAMU ber administrasjonen anmode Bergen kommune fremje sak om Gangbyen Bergen for å sikre best mogeleg kobling mellom sikre og raske gangareal og gode kollektivtilbod.

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt a) vart vedteke med 8 røyster (A, SV, SP, KRF, V).

Tom Skauge sitt forslag til nye pkt b) - e) fekk 7 røyster (A, SV, SP, KRF) og fall.

### Innstilling

1. Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2014 til orientering.
2. Fylkeskommunen må bruke alle anledningar mot planmyndigheit i Bergen for å sikre at bussen slepp fram med kollektivfelt.

Oversendingsforslag frå Tom Skauge.

SAMU ber administrasjonen anmode Bergen kommune fremje sak om Gangbyen Bergen for å sikre best mogeleg kobling mellom sikre og raske gangareal og gode kollektivtilbod.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015

**Sigmund Framnes** sette på vegner av Frp, H og V fram slik forslag:

"Alternativt:  
Saka vert utsett.

Grunngjeving:  
Meldinga manglar samanliknbare tal for kostnader knytt til bybanedrifta. I grunnlaget for buss er investeringskostnadane inkludert, desse manglar for bybanen og må inngå når meldinga vert lagt fram for ny handsaming.

I oversyn over bomplasseringar og ferjetrafikk må tal for el-bilar vere med.

Viser og til vedteke budsjett for 2015."

### Røysting

Framnes sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (KrF, SV).

### Vedtak

Saka vert utsett.

## PS 72/15 Vidareføring av ordninga med opne gymsalar.

### Forslag til innstilling

1	Arbeidet med opne gymsalar vert vidareført som ei fast ordning.
2	Ordninga med opne gymsalar blir utvida til ei årleg ramme på kr 400 000 og må leggjast inn i budsjettet for 2016.

### Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 17.03.2015

**Bjørnar Hamre** sette fram forslag til nytt pkt. 3:

«Fylkesutvalet ber om at det skal leggjast fram eiga sak om korleis bruk av areal til musikk og andre kulturaktivitetar på dei vidaregåande skulane kan nyttast på tilsvarande måte som bruk av gymsalar.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke saman med Hamre sitt forslag til nytt pkt. 3.

### Innstilling

1	Arbeidet med opne gymsalar vert vidareført som ei fast ordning.
---	---

2	Ordninga med opne gymsalar blir utvida til ei årleg ramme på kr 400 000 og må leggjast inn i budsjettet for 2016.
3	Fylkesutvalet ber om at det skal leggjast fram eiga sak om korleis bruk av areal til musikk og andre kulturaktivitetar på dei vidaregåande skulane kan nyttast på tilsvarande måte som bruk av gymsalar.

### Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 19.03.2015

Anne-Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag til nytt pkt.3:

«Fylkesutvalet ber om at det skal leggjast fram eiga sak om korleis bruk av areal til musikk og andre kulturaktivitetar på dei vidaregåande skulane kan nyttast på tilsvarande måte som bruk av gymsalar.»

#### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.  
Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Innstilling

1. Arbeidet med opne gymsalar vert vidareført som ei fast ordning.
2. Ordninga med opne gymsalar blir utvida til ei årleg ramme på kr 400 000 og må leggjast inn i budsjettet for 2016.
3. Fylkesutvalet ber om at det skal leggjast fram eiga sak om korleis bruk av areal til musikk og andre kulturaktivitetar på dei vidaregåande skulane kan nyttast på tilsvarande måte som bruk av gymsalar.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015

Fylkesordføraren la innstillinga frå kultur- og ressursutvalet lagt til grunn for røystinga.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak

1. Arbeidet med opne gymsalar vert vidareført som ei fast ordning.
2. Ordninga med opne gymsalar blir utvida til ei årleg ramme på kr 400 000 og må leggjast inn i budsjettet for 2016.
3. Fylkesutvalet ber om at det skal leggjast fram eiga sak om korleis bruk av areal til musikk og andre kulturaktivitetar på dei vidaregåande skulane kan nyttast på tilsvarande måte som bruk av gymsalar.

### PS 73/15 Høyringsfråsegn - NOU 2014:14 Fagskolen - et attraktivt utdanningsvalg

#### Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune gjev høyringsfråsegn til *NOU 2014:14 Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg* slik det går fram av Fylkesrådmannen si vurdering i denne saka.

### Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 17.03.2015

Rosalind Fosse sette på vegner av heile utvalet fram forslag til nytt pkt 2:

«HFK vil påpeike at lokal kunnskap til næringsliv har vore viktig for fylkeskommunen si organisering av fagskolen. Det er viktig at fagskolen må sjåast i eit større perspektiv og må ligge under eit regionalt nivå. Så lenge Norge har ein 3-nivå-modell bør fagskolen vere tilknytta regional eining.»



## Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke saman med Fosse sitt forslag til nytt pkt. 2.

## Innstilling

1	Hordaland fylkeskommune gjev høyringsfråsegn til <i>NOU 2014:14 Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg</i> slik det går fram av Fylkesrådmannen si vurdering i denne saka.
2	HFK vil påpeike at lokal kunnskap til næringsliv har vore viktig for HFK si organisering av fagskulen. Deter viktig at fagskulen må sjåast i eit større perspektiv og må liggje under eit regionalt nivå. Så lenge Norge har ein 3-nivå-modell bør fagskulen vere tilknytta regional eining.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

## Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune gjev høyringsfråsegn til *NOU 2014:14 Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg* slik det går fram av fylkesrådmannen si vurdering i denne saka.
2. HFK vil påpeike at lokal kunnskap til næringsliv har vore viktig for HFK si organisering av fagskulen. Det er viktig at fagskulen må sjåast i eit større perspektiv og må liggje under eit regionalt nivå. Så lenge Noreg har ein 3-nivå-modell bør fagskulen vere tilknytt regional eining.

## PS 74/15 Fråsegn til offentleg ettersyn av område- og detaljreguleringar for Moldegård og Bjånes - Os kommune

### Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert innarbeida i planforslaga korleis utbygginga på Bjånes kan legge til rette for at ny persontrafikk skal skje ved gange, sykkel eller kollektivtransport.
2. Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn til at det vert opna for utbygging på Bjånes før det vert etablert gang- og sykkelveg langs Hatvikvegen, frå Hegglandsdalskrysset fram til Bjåneskrysset (vest).
3. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert lagt til grunn for planlegginga at det ikkje vil vere aktuelt å køyre buss inn i området frå Bjåneskrysset (vest) som skal snu og returnera same veg, og at det vert regulert inn effektive og attraktive gang-/snarveggar frå byggeområda til busstopp på Fv 522.
4. Hordaland fylkeskommune tilrår at eit nærsenter på Bjånes vært utgreia i områderegeringsplanen. Nærsenteret må vurderast i høve til befolkningsomland og i høve til senterstrukturen i kommunen. Planen må konkretiserast når det gjeld handel, tenester, kollektivtransport og kvalitetar.
5. Hordaland fylkeskommune tilrår at det i den vidare reguleringsprosessen av Bjåneshalvøya vert sett nærare på om areal til ny skule kan flyttast til senterområdet.
6. Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn på grunn av manglande omsyn til barn- og unge og folkehelse. Leikeplassar og uteopphaldsareal må sikrast i reguleringsplanane og vere i tråd med kommunen sine overordna krav.

## Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 18.03.2015

**Pål Kårbø** stilte spørsmål til Gustav Bahun sin habilitet som medlem av Os kommunestyre der denne saka har vore handsama.

Gustav Bahun gjekk frå møte når spørsmålet om habilitet vart drøfta. Alf Helge Greaker tok over leiervet.

Utvalet fann samrøystes at Gustav Bahun er habil.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1, 3, 4, 5 og 2. setning i pkt 6 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 2 fekk 7 røyster (A, SV, SP, KRF) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 6, 1. setning fekk 7 røyster (A, SV, SP, KRF) og fall

### **Innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert innarbeida i planforslaga korleis utbygginga på Bjånes kan legge til rette for at ny persontrafikk skal skje ved gange, sykkel eller kollektivtransport.
2. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert lagt til grunn for planlegginga at det ikkje vil vere aktuelt å køyre buss inn i området frå Bjåneskrysset (vest) som skal snu og returnera same veg, og at det vert regulert inn effektive og attraktive gang-/snarvegar frå byggeområda til busstopp på Fv 522.
3. Hordaland fylkeskommune tilrår at eit nærsenter på Bjånes vært utgreia i områderuleringsplanen. Nærsenteret må vurderast i høve til befolkningsomland og i høve til senterstrukturen i kommunen. Planen må konkretiserast når det gjeld handel, tenester, kollektivtransport og kvalitetar.
4. Hordaland fylkeskommune tilrår at det i den vidare reguleringsprosessen av Bjåneshalvøya vert sett nærare på om areal til ny skule kan flyttast til senterområdet.
5. Leikeplassar og uteopphaldsareal må sikrast i reguleringsplanane og vere i tråd med kommunen sine overordna krav.

### **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 19.03.2015**

**Natalia Golis** (MDG) sette fram slikt forslag:

«Pkt 1.

Rundkøyringa i Os sentrum er ein flaskehals på Hatvikvegen, og bør utbetrast innan bruksløyve for utbygginga på Bjånes vert gjeven. Her må ein og sjå på gjennomgåande sykkeltraséar for å sikre eit korresponderande sykkelvegnett i området.

Pkt. 5.

Os Barneskule i Os sentrum som denne krinsen soknar til har allereie sprengd kapasitet, ein bør difor prioritere utbygging av ny skule i nærområdet.

Nytt pkt 7.

Det må takast omsyn til ein artsrik vegkant med forekomst av arten Hjortetunge som er klassifisert som «svært viktig» naturtype. Denne ligg søraust for og like utanfor utbyggingsområdet B3, Grovskaråsen, og er lokalisert berre ein meter frå vegen.

Nytt pkt. 8.

Gjennom konsekvensutgreiingar for biologisk mangfold og utvalde naturtypar, bør ein føreta feltundersøkingar for å avdekke om der finnast førekomster av gamle og hule eiker, som er karakteristisk for området. Gamle og hule eiker er ein av fem utvalde naturtyper etter naturmangfaldlova.»

**Svein Halleraker (H)** sette fram slikt forslag:

«Same innstilling som Samferdselsutvalet pkt.1 til 5 gjort i møte 18.03.2015.»

**Anne-Beth Njærheim (V)** sette fram slikt forslag

«Nytt pkt. 7

Dersom utbyggingar inngår forpliktande utbyggingsavtale med Os kommune der det føreligg

økonomisk garanti, og denne avtalen ivaretek trafikkisikringstiltak på ein god måte samt omsyn til barn og unge og folkehelse kan motsegnene trekkast.»

### Røysting

Golis sitt forslag til nytt pkt. 1 fekk 4 (MDG og Frp) røyster og fall

Golis sitt forslag til nye pkt. 5, 7 og 8 fekk 2 røyster (MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 til 6 vart vedteke med 7 røyster (A, Krf, V og MDG) mot Halleraker sitt forslag som fekk 6 røyster (H og Frp) og fall.

Njærheim sitt forslag til nytt pkt. 7 vart vedteke mot 2 røyster (MDG).

### Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert innarbeida i planforslaga korleis utbygginga på Bjånes kan legge til rette for at ny persontrafikk skal skje ved gange, sykkel eller kollektivtransport.
2. Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn til at det vert opna for utbygging på Bjånes før det vert etablert gang- og sykkelveg langs Hatvikvegen, frå Hegglandsdalskrysset fram til Bjåneskrysset (vest).
3. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert lagt til grunn for planlegginga at det ikkje vil vere aktuelt å køyre buss inn i området frå Bjåneskrysset (vest) som skal snu og returnera same veg, og at det vert regulert inn effektive og attraktive gang-/snarveggar frå byggeområda til busstopp på Fv 522.
4. Hordaland fylkeskommune tilrår at eit nærsenter på Bjånes vært utgreia i områderegeringsplanen. Nærsenteret må vurderast i høve til befolkningsomland og i høve til senterstrukturen i kommunen. Planen må konkretiserast når det gjeld handel, tenester, kollektivtransport og kvalitetar.
5. Hordaland fylkeskommune tilrår at det i den vidare reguleringsprosessen av Bjåneshalvøya vert sett nærare på om areal til ny skule kan flyttast til senterområdet.
6. Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn på grunn av manglande omsyn til barn- og unge og folkehelse. Leikeplassar og uteopphaldsareal må sikrast i reguleringsplanane og vere i tråd med kommunen sine overordna krav.
7. Dersom utbyggingar inngår forpliktande utbyggingsavtale med Os kommune der det føreligg økonomisk garanti, og denne avtalen ivaretek trafikkisikringstiltak på ein god måte samt omsyn til barn og unge og folkehelse kan motsegnene trekkast.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015

Silje Hjemdal sette fram slikt forslag:

1. "Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert innarbeidd i planforslaga korleis utbygginga på Bjånes kan leggje til rette for at ny persontrafikk skal skje ved gange, sykkel eller kollektivtransport.
2. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert lagt til grunn for planlegginga at det ikkje vil vere aktuelt å køyre buss inn i området frå Bjåneskrysset (vest) som skal snu og returnere same veg, og at det vert regulert inn effektive og attraktive gang-/snarveggar frå byggeområda til busstopp på Fv 522.
3. Hordaland fylkeskommune tilrår at eit nærsenter på Bjånes vert utgreidd i områderegeringsplanen. Nærsenteret må vurderast i høve til befolkningsomland og i høve til senterstrukturen i kommunen. Planen må konkretiserast når det gjeld handel, tenester, kollektivtransport og kvalitetar.
4. Hordaland fylkeskommune tilrår at det i den vidare reguleringsprosessen av Bjåneshalvøya vert sett nærare på om areal til ny skule kan flyttast til senterområdet.
5. Leikeplassar og uteopphaldsareal må sikrast i reguleringsplanane og vere i tråd med

kommunen sine overordna krav."

### **Røysting**

Fylkesordføraren la innstillinga frå kultur- og ressursutvalet til grunn for røystinga.

Hjemdal sitt forslag vart vedteke med 11 røyster mot 4 røyster (KrF, SV, Sp, V) for innstillinga.

### **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert innarbeidd i planforslaga korleis utbygginga på Bjånes kan leggje til rette for at ny persontrafikk skal skje ved gange, sykkel eller kollektivtransport.
2. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert lagt til grunn for planlegginga at det ikkje vil vere aktuelt å køyre buss inn i området frå Bjåneskrysset (vest) som skal snu og returnere same veg, og at det vert regulert inn effektive og attraktive gang-/snarvegar frå byggeområda til busstopp på Fv 522.
3. Hordaland fylkeskommune tilrår at eit nærsenter på Bjånes vert utgreidd i områderegeringsplanen. Nærsenteret må vurderast i høve til befolkningsomland og i høve til senterstrukturen i kommunen. Planen må konkretiserast når det gjeld handel, tenester, kollektivtransport og kvalitetar.
4. Hordaland fylkeskommune tilrår at det i den vidare reguleringsprosessen av Bjåneshalvøya vert sett nærare på om areal til ny skule kan flyttast til senterområdet.
5. Leikeplassar og uteopphaldsareal må sikrast i reguleringsplanane og vere i tråd med kommunen sine overordna krav.

## **PS 75/15 Gjestekunstnarbustader og -ordningar knytt til Hordaland fylkeskommune**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune vidarefører gjestekunstnarordninga administrert av Hordaland kunstsenter, med bustaden i Nordnesveien 43.
2. Bustaden i Nordnesveien skal reserverast tre månader annakvart år til gjestekunstnar frå Basse-Normandie, som lekk i realisering av samarbeidsavtalen med Nedre-Normandie.
3. Leigeforholdet med Bymuseet / Hordamuseet om bruk av Ambrosiahuset skal seiast opp.
4. Fylkesrådmannen kjem attende med eige sak om bruk av kunstnar-/kulturarbeidarleiligheit i Covarrubias, Spania.

### **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 19.03.2015**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune vidarefører gjestekunstnarordninga administrert av Hordaland kunstsenter, med bustaden i Nordnesveien 43.
2. Bustaden i Nordnesveien skal reserverast tre månader annakvart år til gjestekunstnar frå Basse-Normandie, som lekk i realisering av samarbeidsavtalen med Nedre-Normandie.
3. Leigeforholdet med Bymuseet / Hordamuseet om bruk av Ambrosiahuset skal seiast opp.
4. Fylkesrådmannen kjem attende med eige sak om bruk av kunstnar-/kulturarbeidarleiligheit i Covarrubias, Spania.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015**

**Mona Hellesnes** sette på vegner av V, Frp og H fram slik forslag:

1. "Saka vert utsett.

Grunngjeving:

I vedteke budsjett for 2015 skal tildeling til gjesteatelier og Ambrosiahuset haldast tilbake til gjeldande retningsliner eller forslag til slike ligg føre.

Slike retningslinjer må vere med i saka når ho vert lagt fram for ny handsaming.

2. Fylkesutvalet ber kontrollutvalet sjå på oppfølginga av tidlegare vedtak knytt til leilighet i Covarrubias, Spania."

### Røysting

Hellesnes sitt forslag 2 vart vedteke mot 2 røyster (SV, KrF).

Hellesnes sitt forslag 1 vart vedteke mot 1 røyst (KrF).

### Vedtak

Fylkesutvalet ber kontrollutvalet sjå på oppfølginga av tidlegare vedtak knytt til leilighet i Covarrubias, Spania.

Saka vert utsett.

## PS 76/15 Høyring - EUs mobilitetsverktøy ECVET nyttast for å godkjenne kompetanse

### Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune er positiv til innføringa av EUs mobilitetsverktøy ECVET for å godkjenne utanlandsk fagutdanning, med følgjande merknader:

1	Prosesen med å ta i bruk ECVET må samordnast på nasjonalt nivå, og det må leggjast opp til grundig opplæring og informasjon.
2	Ansvar for å sikre einskapleg praksis ved godkjenning av utanlandsk fagutdanning må liggje til eit nasjonalt organ.
3	Høyringa presenterer ingen økonomiske modellar for gjennomføring av bruken av ECVET. Eventuelle meirkostnader for fylkeskommunane må leggjast inn i dei statlege løyvingane til fylkeskommunane.

### Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 10.03.2015

#### Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Hordaland fylkeskommune er positiv til innføringa av EUs mobilitetsverktøy ECVET for å godkjenne utanlandsk fagutdanning, med følgjande merknader:

1	Prosesen med å ta i bruk ECVET må samordnast på nasjonalt nivå, og det må leggjast opp til grundig opplæring og informasjon.
2	Ansvar for å sikre einskapleg praksis ved godkjenning av utanlandsk fagutdanning må liggje til eit nasjonalt organ.
3	Høyringa presenterer ingen økonomiske modellar for gjennomføring av bruken av ECVET. Eventuelle meirkostnader for fylkeskommunane må leggjast inn i dei statlege løyvingane til fylkeskommunane.

### Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 17.03.2015

#### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Innstilling

Hordaland fylkeskommune er positiv til innføringa av EUs mobilitetsverktøy ECVET for å godkjenne utanlandsk fagutdanning, med følgjande merknader:

1	Prosesen med å ta i bruk ECVET må samordnast på nasjonalt nivå, og det må leggjast opp til grundig opplæring og informasjon.
2	Ansvar for å sikre einskapleg praksis ved godkjenning av utanlandsk fagutdanning må liggje til eit nasjonalt organ.

3	Høyringa presenterer ingen økonomiske modellar for gjennomføring av bruken av ECVET. Eventuelle meirkostnader for fylkeskommunane må leggjast inn i dei statlege løyvingane til fylkeskommunane.
---	--

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

Hordaland fylkeskommune er positiv til innføringa av EUs mobilitetsverktøy ECVET for å godkjenne utanlandsk fagutdanning, med følgjande merknader:

1. Prosessen med å ta i bruk ECVET må samordnast på nasjonalt nivå, og det må leggjast opp til grundig opplæring og informasjon.
2. Ansvar for å sikre einskapleg praksis ved godkjenning av utanlandsk fagutdanning må liggje til eit nasjonalt organ.
3. Høyringa presenterer ingen økonomiske modellar for gjennomføring av bruken av ECVET. Eventuelle meirkostnader for fylkeskommunane må leggjast inn i dei statlege løyvingane til fylkeskommunane.

## PS 77/15 Søknad om løyve til å byggja 7 kraftverk i Vaksdal og Voss kommunar. Fråsegn.

### Forslag til innstilling

Markåni kraftverk:

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Markåni kraftverk.
2. Av omsyn til fossefall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.
3. Før vurdering av konsesjon, må NVE krevja fotoillustrasjon som syner nærverknad og fjernverknad av varierende vassføring sett frå Bolstadfjorden og inngrep i strandsona som følgje av kraftstasjonen.
4. Før vurdering av konsesjon, må NVE krevja undersøkingar av konsekvensar for sjøaure og strandsnipe.

Moko kraftverk:

5. Av omsyn til sjøaure rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Moko kraftverk.

Sædalen kraftverk:

6. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Sædalen kraftverk med bora tunnel for vassvegen.
7. Av omsyn til bekkekløft, strandsnipe, fiskemåke og bekkeare må høgare minstevassføring vurderast.
8. Av omsyn til fossefall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.

Boge 3:

9. Då tiltaket er i strid med naturmangfaldlova §§ 7-10 og retningslinene i Fylkesdelplan for små vasskraftverk om kartlegging av natur- og artstypar, rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Boge 3.

Oddmundsdalen kraftverk:

10. Av omsyn til sårbart landskap, friluftsliv og samla belastning for området rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Oddmundsdalen kraftverk.

Skarvagrovi kraftverk:

11. Av omsyn til sårbart landskap, friluftsliv og samla belastning for området rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Skarvagrovi kraftverk.

Møyåni kraftverk:

12. Av omsyn til sårbart landskap, friluftsliv og samla belastning for området rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Møyåni kraftverk.

13. Hordaland fylkeskommune vil nok ein gong be NVE om å stilla strengare krav til dokumentasjon i konsesjonssøknader før dei kjem på høyring. Søknader som ikkje er i samsvar med naturmangfaldlova og retningslinjer for søknader i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland, må ikkje sendast på høyring. Likeeins må NVE kvalitetssikra at søknadene ikkje har alvorlege faktafeil. Det som kan synast som tidspress for å koma med i dei ulike småkraftpakkene, må ikkje gå ut over kvaliteten på søknadene og tidsbruken til høyringsinstansane. Det er både ineffektivt og fordyrande, også for søkjar og NVE.

### **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 19.03.2015**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

Markåni kraftverk:

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Markåni kraftverk.
2. Av omsyn til fossefall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.
3. Før vurdering av konsesjon, må NVE krevja fotoillustrasjon som syner nærverknad og fjernverknad av varierende vassføring sett frå Bolstadfjorden og inngrep i strandsona som følgje av kraftstasjonen.
4. Før vurdering av konsesjon, må NVE krevja undersøkingar av konsekvensar for sjøaure og strandsnipe.

Moko kraftverk:

5. Av omsyn til sjøaure rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Moko kraftverk.

Sædalen kraftverk:

6. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Sædalen kraftverk med bora tunnel for vassvegen.
7. Av omsyn til bekkekløft, strandsnipe, fiskemåke og bekkeare må høgare minstevassføring vurderast.
8. Av omsyn til fossefall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.

Boge 3:

9. Då tiltaket er i strid med naturmangfaldlova §§ 7-10 og retningslinjene i Fylkesdelplan for små vasskraftverk om kartlegging av natur- og artstypar, rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Boge 3.

Oddmundsdalen kraftverk:

10. Av omsyn til sårbart landskap, friluftsliv og samla belastning for området rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Oddmundsdalen kraftverk.

Skarvagrovi kraftverk:

11. Av omsyn til sårbart landskap, friluftsliv og samla belastning for området rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Skarvagrovi kraftverk.

Møyåni kraftverk:

12. Av omsyn til sårbart landskap, friluftsliv og samla belastning for området rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Møyåni kraftverk.

13. Hordaland fylkeskommune vil nok ein gong be NVE om å stilla strengare krav til dokumentasjon i konsesjonssøknader før dei kjem på høyring. Søknader som ikkje er i samsvar med naturmangfaldlova og retningslinjer for søknader i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland, må ikkje sendast på høyring. Likeeins må NVE kvalitetssikra at søknadene ikkje har alvorlege faktafeil. Det som kan synast som tidspress for å koma med i dei ulike småkraftpakkene, må ikkje gå ut over kvaliteten på søknadene og tidsbruken til høyringsinstansane. Det er både ineffektivt og fordyrande, også for søkjar og NVE.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015**

## **Røysting**

Innstillinga punkt 1 vart vedteken mot 1 røyst (SV).

Innstillinga punkt 2-13 vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak**

Markåni kraftverk:

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Markåni kraftverk.
2. Av omsyn til fossefall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.
3. Før vurdering av konsesjon, må NVE krevja fotoillustrasjon som syner nærverknad og fjernverknad av varierende vassføring sett frå Bolstadfjorden og inngrep i strandsona som følgje av kraftstasjonen.
4. Før vurdering av konsesjon, må NVE krevja undersøkingar av konsekvensar for sjøaure og strandsnipe.

Moko kraftverk:

5. Av omsyn til sjøaure rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Moko kraftverk.

Sædalen kraftverk:

6. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Sædalen kraftverk med bora tunnel for vassvegen.
7. Av omsyn til bekkekløft, strandsnipe, fiskemåke og bekkeare må høgare minstevassføring vurderast.
8. Av omsyn til fossefall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.

Boge 3:

9. Då tiltaket er i strid med naturmangfaldlova §§ 7-10 og retningslinene i Fylkesdelplan for små vasskraftverk om kartlegging av natur- og artstypar, rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Boge 3.

Oddmundsdalen kraftverk:

10. Av omsyn til sårbart landskap, friluftsliv og samla belastning for området rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Oddmundsdalen kraftverk.

Skarvagrovi kraftverk:

11. Av omsyn til sårbart landskap, friluftsliv og samla belastning for området rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Skarvagrovi kraftverk.

Møyåni kraftverk:

12. Av omsyn til sårbart landskap, friluftsliv og samla belastning for området rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Møyåni kraftverk.
13. Hordaland fylkeskommune vil nok ein gong be NVE om å stilla strengare krav til dokumentasjon i konsesjonssøknader før dei kjem på høyring. Søknader som ikkje er i samsvar med naturmangfaldlova og retningsliner for søknader i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland, må ikkje sendast på høyring. Likeeins må NVE kvalitetssikra at søknadene ikkje har alvorlege faktafeil. Det som kan synast som tidspress for å koma med i dei ulike småkraftpakkene, må ikkje gå ut over kvaliteten på søknadene og tidsbruken til høringsinstansane. Det er både ineffektivt og fordyrande, også for søkjar og NVE.

## **PS 78/15 Omklassifisering av E 39 Vågsbotn - Nordre Brurås til fylkesveg**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet vedtek at gamlevegen E 39 Vågsbotn-Nordre Brurås vert omklassifisert til fylkesveg.

**Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 18.03.2015**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

Fylkesutvalet vedtek at gamlevegen E 39 Vågsbotn-Nordre Brurås vert omklassifisert til fylkesveg.



## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

Fylkesutvalet vedtek at gamlevegen E 39 Vågsbotn - Nordre Brurås vert omklassifisert til fylkesveg.

## PS 79/15 Strategisk Næringsplan for Bergensregionen - Første gangs behandling

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015

**Sveinung Valle** stilte spørsmål om han var ugild fordi han som nestleiar i styret for BRB har delteke i utarbeiding av planen frå BRB. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Sveinung Valle var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd. Valle gjekk frå under røystinga.

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune stør opp om overordna mål, samt strategi og fokusområde i utkast til Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020, men ynskjer ei formulering av målsettinga i tråd med forslaget i dette saksframlegget.
2. Hordaland fylkeskommune ber om at tiltaka vert omarbeidd slik at prosjekta står fram som større fellesprosjekt og ynskjer prioritering av desse tema: 
  - Samordning og tydeliggjering av ulike aktørar sin rolle knytt til entreprenørskap og etablerartenesta.
  - Bidra til å etablere «Invest in Region Bergen»
  - Samarbeid om utvikling av Bergensregionen til verdsleiande nærings- og kunnskapsmiljø innan sjømat og berekraftig havbruksproduksjon.
  - Samarbeid om framtidsetta energiløysingar.
3. Hordaland fylkeskommune ynskjer desse tiltaka inn i planen:
  - Utvikle eit større og meir synleg kontormiljø for regionale utviklingsaktørar i Bergen i tråd med vedtak i fylkestinget 10.12.2014.
  - IKT/media t.d. realisering av MediaCityBergen.
  - Teknologitvutvikling og tiltak for å redusere utslepp frå skip.

## PS 80/15 Regional planstrategi - 2015 - framdrift og fordeling av midlar til regional planlegging

### Forslag til avgjerd

1. Fylkesutvalet fordeler midlar til regionalt planarbeid frå Regional planstrategi(160.203.00) i 2015 slik:

Planarbeid	NOK
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	150 000
Regional forvaltningsplan for vatn	100 000
Regional kulturplan	200 000
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger	1 232 000
Utviklingsplan for indre Hordaland	200 000
Sum	1 882 000

2. Fylkesrådmannen har fullmakt til mindre justeringar av løyvingane.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet fordeler midlar til regionalt planarbeid frå Regional planstrategi (160.203.00) i 2015 slik:

<b>Planarbeid</b>	<b>NOK</b>
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	150 000
Regional forvaltningsplan for vatn	100 000
Regional kulturplan	200 000
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	1 232 000
Utviklingsplan for indre Hordaland	200 000
Sum	1 882 000

2. Fylkesrådmannen har fullmakt til mindre justeringar av løyvingane.

### **PS 81/15 Eigarskapsmelding 2015 - forenkla melding**

I 2013 vart det gjort ein revisjon av eigarskapsforvaltninga i Hordaland fylkeskommune og ny eigarskapsmelding vart godkjent av fylkestinget sommaren 2013. Etter gjeldande prosedyre skal neste eigarskapsmelding leggst fram for fylkestinget seks månadar etter val av nytt fylkesting hausten 2015.

Mellom kvar valperiode skal det leggst fram ei forenkla melding kvart år der fylkesrådmannen kort går gjennom endingar sidan sist melding og presenterer nøkkelopplysningar for dei selskapa fylkeskommunen har eigardelar i. Fylkesrådmannen vurderer det slik at det ikkje er behov for å foreslå endringar i eigarskapsstrategi som vart oppdatert i eigarskapsmelding for 2013. Ei nærare vurdering av eigarskapsstrategi og eventuelt behov for å gjere andre endringar i eigarskapsforvaltninga, vil fylkesrådmannen kome attende til i eigarskapsmelding for 2016.

Endingar sidan forenkla eigarskapsmelding 2014:

- I Atheno AS er det gjort ein retta emisjon våren 2014 for at fleire sentrale industribedrifter i Sunnhordaland skal gå inn som eigarar i selskapet.
- Sunnhordaland bru- og tunnelselskap er avvikla etter at bompenggeinnkrevjinga vart avslutta. Overskotet på i overkant av 30 mill. kr er overført til Hordaland fylkeskommune og skal brukast til samferdselstiltak i nærområdet.
- Hordaland fylkeskommune har teke del i aksjekapitalutviding i Storeholmen VTA AS med kr 365 000. Storeholmen VTA AS har endra namn til Hardanger AKS.
- Norheimsund industrier AS er omstrukturert etter underskot over fleire år og endra namn til Norhand Industri AS. Hordaland fylkeskommune sin aksjekapital på 0,765 mill. kr er tapt.

#### **Forslag vedtak**

Fylkesutvalet tek forenkla eigarskapsmelding 2015 i Hordaland fylkeskommune til orientering.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Fylkesutvalet tek forenkla eigarskapsmelding 2015 i Hordaland fylkeskommune til orientering.

## **PS 82/15 Revisjon av alkoholreglement for Hordaland fylkeskommune**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet vedtek «Retningslinjer for servering av alkoholholdig drikke i Hordaland fylkeskommune», slik det kjem fram i saksframlegget.

### **Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 25.03.2015**

#### **Innstilling**

Fylkesutvalet vedtek «Retningslinjer for servering av alkoholholdig drikke i Hordaland fylkeskommune», slik det kjem fram i saksframlegget.

Innstillinga var samrøystes.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

Fylkesutvalet vedtek "Retningslinjer for servering av alkoholholdig drikke i Hordaland fylkeskommune", slik det kjem fram i saksframlegget.

## **PS 83/15 Rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune - ny handsaming**

### **Forslag til innstilling**

Utkast til reviderte retningslinjer for varsling i Hordaland fylkeskommune vert gjort gjeldande som retningslinjer for varsling i Hordaland fylkeskommune.

### **Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 25.03.2015**

#### **Innstilling**

Utkast til reviderte retningslinjer for varsling i Hordaland fylkeskommune vert gjort gjeldande som retningslinjer for varsling i Hordaland fylkeskommune.

Innstillinga var samrøystes.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

Utkast til reviderte retningslinjer for varsling i Hordaland fylkeskommune vert gjort gjeldande som retningslinjer for varsling i Hordaland fylkeskommune.

## **PS 84/15 Hordaland fylkesting 2011 - 2015. Oppnemning av arrangementskomite for sluttsamkome**

### **Forslag til vedtak**

Til arrangementskomiteen for sluttsamkome i Håkonshallen 13. oktober 2015 oppnemner fylkesutvalet:

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015**

**Mona Røsvik Strømme** gjorde framlegg om Eli Årdal Berland som medlem i arrangementskomitéen.

**Tom-Christer Nilsen** gjorde framlegg om Mona Hellesnes som leiar av arrangementskomitéen.

**Benthe Bondhus** gjorde framlegg om Alexander Fosse Andersen som medlem i arrangementskomitéen.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med forslaga frå Strømme, Nilsen og Bondhus vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Til arrangementskomitéen for sluttsamkome i Håkonshallen 13. oktober 2015 oppnemner fylkesutvalet:

1. Eli Årdal Berland
2. Mona Hellesnes, leiar
3. Alexander Fosse Andersen

## **PS 85/15 Rekneskapsrapport pr. februar 2015**

### **Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. februar 2015 til orientering.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. februar 2015 til orientering.

## **PS 86/15 Ymse**

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015**

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: 71-85/15.

### **PRESENTASJONAR**

To tiltak frå handlingsprogrammet til Klimaplan for Hordaland:

- Klimabidrag og klimatiltak i landbruket i Hordaland  
v/Theresa Goméz de la Bárcena frå Bioforsk Vest Fureneset
- Strategi 6c. Meir klima- og miljøvenleg landbruksproduksjon i Norge og tiltak 6.4  
Klimagassrekneskap på gardsnivå  
v/Liv Lyngstad frå Norsk landbruksrådgiving Hordaland

Idretten i Hordaland 2015

- Hordaland idrettskrets v/styreleiar Helge Johnsen og organisasjonssjef Knut Songve
- Olympiatoppen Vest-Norge v/dagleg leiar Pia Mørk Andreassen

Orientering om kommunereformen

- Fylkesrådmann Rune Haugsdal orienterte om stortingsmeldinga "Meld. St. 14 (2014-2015)  
Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner" og kva dette eventuelt kan innebære for fylkeskommunen.

### **MUNNLEGE MELDINGAR**

- Fylkesordføraren viste til brev og diskusjonar knytt til bompengeselskap, og opplyste at han vil avklare problemstillingane med aktuelle samarbeidspartar.

- Fylkesordføreren refererte frå møte mellom fylkeskommunen, Politiet og Statens vegvesen om videoovervaking av Askøybrua. Statens vegvesen skal overta videoovervakinga frå 1. juni, og vil leggje fram utgreiing om gjerde på brua om 2 - 3 veker. Problemstillinga avdekte behov for avklaring av prosedyre for samarbeid med Politiet. Fylkesordføreren vil kontakte Politidirektoratet om dette.
- Mona Hellesnes refererte frå møte om politireformen i Stortingets justiskomité, der m.a. Hordaland fylkesutval sitt syn vart presentert. Jf. fylkesutvalet sin uttale av 19.02.2015.
- Fylkesordføreren opplyste at Statens vegvesen vil leggje fram kvalifisert kostnadsoverslag for E39 i september.
- Fylkesutvalet drøfta kva for tema som kan vere aktuelt å drøfte i eit eventuelt møte med Kulturdepartementet.

## AKTUELLE KONFERANSAR

- Fylkesordføreren inviterte gruppeleiarane på fylkestinget til å delta på KS og Fylkesmannen sin årskonferanse om kommuneproposisjonen 26. mai på Grand hotell Terminus i Bergen.
- Fylkesordføreren inviterte fylkesutvalet til å delta på konferansen "Den attraktive staden" 14. og 15.04.2015 på Thon hotell Sandven i Norheimsund. Hordaland fylkeskommune er medarrangør av konferansen.

## OPEN TIME

**Sigbjørn Framnes** presenterte økonomiske utfordringar for Sunnhordland museum.

**Silje Hjemdal** bad om følgjande:

"Representanten ønsker at fylkesutvalget får en orientering om status på søknader til yrkesfag i den videregående opplæring. Det har vært viktig å satse på yrkesfagene og markedsføringen av HFK vgs, med spesielt vekt på å rekruttere til yrkesfag. Dette kommer bl.a. til uttrykk i budsjettet for 2015.

Det er viktig at vi i fremtiden kan dekke behovet for fagarbeidere. Derfor er det nødvendig å få tilbakemelding på hvilke strategier som er vellykket for å øke rekruttering."

**Silje Hjemdal** viste til førre møte i fylkesutvalet der det vart signalisert ønskje om at fylkeskommunen skulle søkje om prosjektmidlar for å tilsetje lærarar i funksjon som lærarspesialistar, og bad om kort oppdatering. Det vart opplyst at søknad er sendt.

**Mona Hellesnes** sette fram slikt forslag:

"Jernbaneverket  
Postboks 4350  
2308 Hamar

### **Innspel i høve høyring av silingsrapporten for Ringeriksbanen**

Jernbaneverket og Statens vegvesen har i samarbeid greidd ut ei samordna løysing for Ringeriksbanen og E16 Skaret – Hønefoss gjennom kommunane Bærum (kun jernbane), Hole og Ringerike. Utgreiinga er på eit overordna nivå før planlegging etter Plan- og bygningslova. Det er utarbeidd tre delrapportar, datert 13. juni 2014, 31. oktober 2014 og 30. januar 2015.

Utgreiinga er sendt på høyring til berørte kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn. Hordaland er ikkje direkte berørt av prosjektet og då heller ikkje høyringsinstans, men ettersom Ringeriksbanen vil innebere ei vesentleg oppgradering av Bergensbanen, er det ynskjeleg å markere at Ringeriksbanen i høgste grad er viktig også for Hordaland. Hordaland fylkeskommune har difor valt å gje ei tilbakemelding i brevs form i høve denne høyringsrunda.

Den første delrapporten, datert 13.06.2014, inneheld mellom anna ei drøfting av ulike planprosessar og framdriftsplanar. Den viktigaste konklusjonen i den første delrapporten er at dei to prosjekta kan og bør planleggast samla.

Den andre delrapporten, datert 31.10.2014, har korridorval som hovudtema. Her tilrår Jernbaneverket og Statens vegvesen å forkaste løysinga med jernbane om Åsa. Rapporten inneheld også mellom anna informasjon om marknad/trafikk, kostnader og samfunnsøkonomi, samt ei vurdering av OPS (Offentleg Privat Samarbeid), som etatane ikkje tilrår for dette prosjektet. Vidare følgjer rapporten opp første delrapport med ein revidert tidsplan som viser at byggestart tidleg i 2019 er mogleg med raskast moglege framdrift.

Den tredje delrapporten, datert 30.01.2015, er ein silingsrapport som inneheld Jernbaneverkets og Statens vegvesens tilråding for kva løysing for Ringeriksbanen og E16 Skaret – Hønefoss som bør leggast til grunn for vidare planlegging, og det faglege grunnlaget for denne tilrådinga. Her har etatane tilrådd den såkalla Busundlinja, med stasjonar på Sundvolden (Hole kommune) og i Hønefoss sentrum (Ringerike kommune).

Hordaland fylkeskommune er svært tilfreds med at det no føreligg eit forslag til løysing for Ringeriksbanen slik at vi kan få byggestart i 2018/19 i samsvar med Stortingets føresetnader. Ringeriksbanen er det viktigaste enkeltprosjektet i moderniseringa av Bergensbanen og dermed heilt grunnleggande for å kunne gje dei reisande mellom Bergen og Oslo eit togtilbod etter dagens standard.

Hordaland fylkeskommune vil, med henvisning til m.a. NOU 2012:16 (Hagen-utvalet) sine konklusjonar, påpeike at gjeldande metodikk for berekning av samfunnsøkonomisk nytte er mangelfull og lite eigna som beslutningsgrunnlag for dette prosjektet. Hordaland fylkeskommune forventar dermed at andre og meir heilskaplege vurderingar vert lagt til grunn for avgjerda. Til dømes er effektar av betre reisetilbod på heile strekninga Oslo-Bergen ikkje inkludert i utgreiingsarbeidet, og det er heller ikkje utviklingspotensiale og næringslivseffektar for dei berørte regionane. Begge desse forholda er vesentlege for grunngevinga for å bygge Ringeriksbanen, og burde då sjølvst òg inngå i nytteberekningane.

Hordaland fylkeskommune meiner at planarbeidet snarast må vidareførast for å tape minst mogleg tid i planarbeidet. Dette vil vere heilt i tråd med prinsippa som er lagt til grunn i etatane sitt forslag, og vil òg sikre tidlegast mogleg oppstart av byggeprosjektet.

Utbygginga av Ringeriksbanen er heilt i tråd med den varsla utbyggingsstrategien i Jernbaneverkets perspektivmelding mot 2050. Ringeriksbanen vil vere avgjerande for å utvikle gode og berekraftige transportløysingar i ein utvida bu- og arbeidsmarknad rundt Oslo, og vil opne opp for eit heilt nytt utviklingsområde på Ringerike. Hordaland fylkeskommune vil samtidig understreke at Ringeriksbanen òg er eit viktig nasjonalt infrastrukturprosjekt. Ringeriksbanen er det viktigaste enkelttiltaket i utviklinga av Bergensbanen til ein moderne jernbane, og vi vil minne om følgjande konklusjon i Høgfartsutgreiinga: "*I et alternativ der en ikke velger å bygge nye høyhastighetsbaner, men bruker mer midler på eksisterende jernbanenett enn dagens nivå, vil Bergensbanen være den strekningen der man vil få den største nytten ved minst bruk av investeringsmidler.*"

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget og vedtok deretter samrøystes forslaget.

## **Vedtak**

Jernbaneverket  
Postboks 4350  
2308 Hamar

### **Innspel i høve høyring av silingsrapporten for Ringeriksbanen**

Jernbaneverket og Statens vegvesen har i samarbeid greidd ut ei samordna løysing for Ringeriksbanen og E16 Skaret – Hønefoss gjennom kommunane Bærum (kun jernbane), Hole og Ringerike. Utgreiinga er på eit overordna nivå før planlegging etter Plan- og bygningslova. Det er utarbeidd tre delrapportar, datert 13. juni 2014, 31. oktober 2014 og 30. januar 2015.

Utgreiinga er sendt på høyring til berørte kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn. Hordaland er ikkje direkte berørt av prosjektet og òg heller ikkje høyringsinstans, men ettersom Ringeriksbanen vil innebere

ei vesentleg oppgradering av Bergensbanen, er det ynskjeleg å markere at Ringeriksbanen i høgste grad er viktig også for Hordaland. Hordaland fylkeskommune har difor valt å gje ei tilbakemelding i brevs form i høve denne høyringsrunda.

Den første delrapporten, datert 13.06.2014, inneheld mellom anna ei drøfting av ulike planprosessar og framdriftsplanar. Den viktigaste konklusjonen i den første delrapporten er at dei to prosjekta kan og bør planleggast samla.

Den andre delrapporten, datert 31.10.2014, har korridorval som hovudtema. Her tilrår Jernbaneverket og Statens vegvesen å forkaste løysinga med jernbane om Åsa. Rapporten inneheld også mellom anna informasjon om marknad/trafikk, kostnader og samfunnsøkonomi, samt ei vurdering av OPS (Offentleg Privat Samarbeid), som etatane ikkje tilrår for dette prosjektet. Vidare følgjer rapporten opp første delrapport med ein revidert tidsplan som viser at byggestart tidleg i 2019 er mogeleg med raskast mogelege framdrift.

Den tredje delrapporten, datert 30.01.2015, er ein silingsrapport som inneheld Jernbaneverkets og Statens vegvesens tilråding for kva løysing for Ringeriksbanen og E16 Skaret – Hønefoss som bør leggst til grunn for vidare planlegging, og det faglege grunnlaget for denne tilrådinga. Her har etatane tilrådd den såkalla Busundlinja, med stasjonar på Sundvolden (Hole kommune) og i Hønefoss sentrum (Ringerike kommune).

Hordaland fylkeskommune er svært tilfreds med at det no føreligg eit forslag til løysing for Ringeriksbanen slik at vi kan få byggestart i 2018/19 i samsvar med Stortingets føresetnader. Ringeriksbanen er det viktigaste enkeltprosjektet i moderniseringa av Bergensbanen og dermed heilt grunnleggande for å kunne gje dei reisande mellom Bergen og Oslo eit togtilbod etter dagens standard.

Hordaland fylkeskommune vil, med henvisning til m.a. NOU 2012:16 (Hagen-utvalet) sine konklusjonar, påpeike at gjeldande metodikk for berekning av samfunnsøkonomisk nytte er mangelfull og lite eigna som beslutningsgrunnlag for dette prosjektet. Hordaland fylkeskommune forventar dermed at andre og meir heilskaplege vurderingar vert lagt til grunn for avgjerda. Til dømes er effektar av betre reisetilbod på heile strekninga Oslo-Bergen ikkje inkludert i utgreiingsarbeidet, og det er heller ikkje utviklingspotensiale og næringslivseffektar for dei berørte regionane. Begge desse forholda er vesentlege for grunngevinga for å bygge Ringeriksbanen, og burde då sjølvst og så inngå i nytteberekningane.

Hordaland fylkeskommune meiner at planarbeidet snarast må vidareførast for å tape minst mogeleg tid i planarbeidet. Dette vil vere heilt i tråd med prinsippa som er lagt til grunn i etatane sitt forslag, og vil også sikre tidlegast mogeleg oppstart av byggeprosjektet.

Utbygginga av Ringeriksbanen er heilt i tråd med den varsla utbyggingsstrategien i Jernbaneverkets perspektivmelding mot 2050. Ringeriksbanen vil vere avgjerande for å utvikle gode og berekraftige transportløysingar i ein utvida bu- og arbeidsmarknad rundt Oslo, og vil opne opp for eit heilt nytt utviklingsområde på Ringerike. Hordaland fylkeskommune vil samtidig understreke at Ringeriksbanen også er eit viktig nasjonalt infrastrukturprosjekt. Ringeriksbanen er det viktigaste enkelttiltaket i utviklinga av Bergensbanen til ein moderne jernbane, og vi vil minne om følgjande konklusjon i Høgfartsutgreiinga: *"I et alternativ der en ikke velger å bygge nye høyhastighetsbaner, men bruker mer midler på eksisterende jernbanenett enn dagens nivå, vil Bergensbanen være den strekningen der man vil få den største nytten ved minst bruk av investeringsmidler."*

**Mona Røsvik Strømme** sette på vegner av H, Frp og V fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Videreutdanning av lærere!

Et rekordhøyt antall lærere har søkt videreutdanning i 2015. Regjeringen har økt statens andel av utgiftene til vikarbruk i forbindelse med videreutdanning. Fylkesutvalget ber derfor om at administrasjonen innvilger søknader om videreutdanning som er mottatt med mindre særlige grunner foreligger."

### **Røysting**

Strømme sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

**Mona Røsvik Strømme** sette på vegner av H, Frp, V, KrF, SV, Sp og A fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Fylkesutvalet ber om at dei ledige stillingane ved Masfjorden tannklinikk blir lyst ut."

### **Røysting**

Strømme sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

**Nils-Olav Næss** sette fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet ber om ei sak om systemet knytt til kontroll av køyresetlar for drosjenæringa i Bergen køyreområde. Saka bør og leggje fram eventuell statistikk frå denne kontrollverksemda og ha framlegg til tiltak for å betre denne om det viser seg at det er trong for dette."

Fylkesutvalet vedtok samrøystes forslaget.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet ber om ei sak om systemet knytt til kontroll av køyresetlar for drosjenæringa i Bergen køyreområde. Saka bør og leggje fram eventuell statistikk frå denne kontrollverksemda og ha framlegg til tiltak for å betre denne om det viser seg at det er trong for dette.

**Torill Selsvold Nyborg** viste til brev av 16.03.2015 frå Samferdselsdepartementet om ny organisering av bompengeverksemda. I brevet var det sett ein svarfrist på tre veker. Nyborg la fram slikt innspel:

"Det kongelege samferdsledepartement

### **Ny organisering av bompengeverksemda Høyringsinnspel frå KrF-gruppa i Hordaland fylkesting**

Hordaland fylke har lange tradisjonar når det gjeld vegutbygging med bompengefinansiering. Det gjer at Hordaland til saman har 16 vedtekne bompengeprojekt, som i sum skal krevja inn bompengar for å dekkja lokal delfinansiering på om lag 14,5 milliardar kroner. Dette inkluderer Bergensprogrammet og E-39 Os - Bergen. Alle prosjekta i Hordaland har vore nedbetalt før avtaleperioden på 15 år, fordi både kommunar, fylkeskommune, næringsliv og befolkning har stilt opp.

#### **Den nye organiseringa**

Hordaland fylkeskommune kunne med si lange erfaring, høge kompetanse og mange bompengeprojekt vore organisert med eitt eige bompengeselskap, og såleis løyst oppgåva på ein kostnadseffektiv og samfunnsnyttig svært god måte.

#### **Tilbakemelding**

##### **Punkt 1**

Fylkeskommunane har samla mykje erfaring innan områda, **\* kostnadseffektiv innkrevjing, \*brukarvennlegheit, \* ikkje kryssubsidiering, \* ikkje avkastning- og utbyttekrav og \*statleg oppfølging av bompengeinnkrevjinga**. Denne kunnskapen må takast med inn i dei nye selskapa. Ein må spesielt vera merksam på lite konkurranse på innkrevjingssida, noko som kan føra til høgare kostnader.

##### **Punkt 2**

Når regjeringa no legg opp til store regionale selskap, vil vi føreslå fem selskap som følgjer grensene til Vegregionane. Då vil Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane koma i same bompengeselskap. Desse tre fylka er vane med å samarbeida på ulike samfunnsområde, inkludert samferdsle og infrastruktur. Ved å organisera seg i endå større regionar, står ein i fare for å tapa nærleik og lojalitet til bompengoordninga.

##### **Punkt 3**

Det er viktig å sjå den nye organiseringa av bompengeselskapa i samband med den nye inndelinga av kommunar og regionar. Det vil vera stabiliserande for samfunnet å leggja dei nye bompengeselskapa til dei nye regionane.

Dette er ei reform som regjeringa vil, og difor er det regjeringa som må avklara tidspunktet for iverksetjing. Fylkeskommunane kan dette fagfeltet og omorganiserer seg fort.



**Punkt 4**

Det er fornuftig å ha eit «utstederselskap» i landet, som handterer alle bompengebrikker, skild frå det enkelte bompengeselskap. Dette er ei reint teknisk innretning som handterer pengestraumane, og utstederrolla for desse brikkene kan gjerne konkurranseutsettast."

**Fylkesordføraren** vil be Samferdselsdepartementet om utsett svarfrist for høyringa. Det vert lagt fram sak i neste møte i fylkesutvalet. Innspelet frå Nyborg vert lagt ved møteprotokollen.